




ÅRSRAPPORT 2019

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD



Ikornnes kyrkje



Sykkylven kyrkje

Foto: Halvard Sandvik

Innholdsliste

1. Innleiing	3
2. Fellesrådets samansetning	5
2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd – til 01.12.2019	5
2.2. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd – frå 01.12.2019	6
2.3. Medlemmar i administrasjonsutval – til 01.12.2019	6
2.4. Medlemmar i administrasjonsutval – frå 01.12.2019	6
2.5. Medlemmar i økonomiutval – frå 01.12.2019	7
2.6. Medlemmar i gravplassutval – frå 01.12.2019	7
3. Eit utdrag av sentrale saker i 2019	7
4. Dei tilsette	14
5. Kyrkjene	15
6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune	15
7. Økonomi	16
8. Oppsummering/måloppnåing/resultat	17

1. Innleiing

Den norske kyrkja sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjas medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg og glede, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, delta i kyrkjelege handlingar, oppleve diakoni, trusopplæring, kultur og kyrkjelege fellesskap i sitt eige lokalmiljø. Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje. Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk valde til dei styrande organa; Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrkjeleg fellelsråd. Sokneråda vel også medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som eksempelvis trusopplæringsutval, misjonsutval, utsmykkingsnemnd og prosjektgrupper. I tillegg til dette har kyrkjelydane mange frivillige medarbeidarar som på ulikt vis står i teneste for vår Gud og for sin neste. Dette er eit av særprega ved denne organisasjonen. Ei av primæroppgåvene til kyrkjelydane, sokneråda og dei tilsette er difor å legge til rette for engasjement og involvere og inkludere til frivillig innsats.


Det er summen av alle «fot- og handavtrykk» som ér kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.



Visjonen til Den norske kyrkja er å skape Meir himmel på jorda.
Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å være:
vedkjennande – open – tenande – misjonerande.

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd. Til saman i Sykkylven-Ikornnes er det 6083 medlemmar og tilhøyrande (pr. 31.12.2019), Ikornnes sokn 1306 og Sykkylven sokn 4777.

Demografien for Sykkylven-Ikornnes ser slik ut:



Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i kyrkjeleva §14 «hovudparagraf». SKF er i tillegg forplikta til føremålsparagrafane ein finn i §1 og §28.

Answaret til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, gravplass og kyrkjeinventar
- å skaffe og drive kyrkjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirmantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er løna over fellesrådsbudsjettet (opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakarar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå staten til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til fellesrådet, gåver/arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørgje for administrativ hjelp til prostens når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er ei verksemd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, Fellesråd, Sokneråd og dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane.

Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven-Ikornnes og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere kyrkja enda betre.

2. Fellesrådets samansetning

2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd – til 01.12.2019

Frå Ikornnes sokneråd:

Trygve Ebbesvik (nestleiar)

Irene Hørte Høibakk

Vara: Anne Rita Kvistad Utgård

Frå Sykkylven sokneråd:

Torbjørn Støylen (leiar)

May Lisbeth Hovlid Aurdal

Vara: Bjørg Djupvik Grebstad

Geistleg representant:

Svein Runde (prost)

Vara: Erlend Lunde

Kommunal representant:

Anne Karin Watters

1. vara: Odd Jostein Drotninghaug (ordførar)

2. vara: Anita Vollstad

Sekretær og kyrkjevevjer/dagleg leiar:

Arild Sporsheim

2.2. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd – frå 01.12.2019

Frå Ikornnes sokneråd:

Ellen Brautaseth Vatne (nestleiar)
Bergljot Hjortdal
Vararepr.: Ingmund Eliassen

Frå Sykkylven sokneråd:

Torbjørn Støylen (leiar)
Therese Kristin Utgård
1. vararepr.: May Lisbeth Hovlid Aurdal
2. vararepr.: Bjørg Djupvik Grebstad

Geistleg representant:

Svein Runde (prost)
1. vararepr.: Simen Elias Nordbrønd Myklebust
2. vararepr.: Erlend Lunde

Kommunal representant:

Birgitte Johanne Sætre Bonesmo
1. vararepr.: Odd Jostein Drotninghaug (ordførar)
2. vararepr.: Anita Sølvi Vollstad

Sekretær og kyrkjeverje/dagleg leiar:

Arild Sporsheim

2.3. Medlemmar i administrasjonsutval – til 01.12.2019

Frå fellesrådet:

Torbjørn Støylen (*fellesrådsleiar*)
Trygve Ebbesvik (*nestleiar*)
Svein Runde (*geistleg representant*)

Frå dei tilsette:

Rose Iren Stave (*kantor*)
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.4. Medlemmar i administrasjonsutval – frå 01.12.2019

Frå fellesrådet:

Torbjørn Støylen (*fellesrådsleiar*)
Ellen Brautaseth Vatne (*nestleiar*)
Svein Runde (*geistleg representant*)

Frå dei tilsette:

Rose Iren Stave (*kantor*)
Arild Sporsheim (*kyrkjeverje/dagleg leiar*)

2.5. Medlemmar i økonomiutval – frå 01.12.2019

Torbjørn Støylen (*fellesrådsleiar*)
Ellen Brautaseth Vatne (*nestleiar*)
Arild Sporsheim (*kyrkjevevje/dagleg leiar*)

2.6. Medlemmar i gravplassutval – frå 01.12.2019

Bergljot Hjortdal (*fellesrådsmedlem*)
Therese Kristin Utgård (*fellesrådmedlem*)
Arild Sporsheim (*kyrkjevevje/dagleg leiar*)

3. Eit utdrag av sentrale saker i 2019

F-sak 03/19 Fastsetting av rekneskapet for 2018

Kyrkjevevjen orienterte fellesrådsmedlemmane om eit positivt årsresultat 2018 på kr. 104 400,- til dekking av tidlegare års underskot. Ny saldo for udekkja underskot er kr. 274 102,-.

Hovudårsakane til det positive årsresultatet 2018 er:

1. Kr. 150 000,- vart ikkje overført til 25% løn ungdomsarbeidar.
2. Det vart brukt kr. 90 000,- mindre til investeringar og utstyr enn budsjettert.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Rekneskapet 2018 vart fastsett med eit positivt årsresultat 2018 på kr. 104 400,- som i si heilheit vert brukt til å redusere eit opparbeida underskot frå kr. 378 502,- til kr. 274 102,-.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 4/19 Revidert budsjett 2019

Kyrkjevevjen orienterte om at Sykkylven kommune ikkje har innfridd søknaden (F-sak 14/18) om ei kommunal ramme på kr. 4 584 893,- til drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard 2019.

Til forskjell for åra 2016, 2017 og 2018 har derimot kommunestyret vedtatt å auke ordinært driftstilskotet 2019 med kr. 100 000,- med bakgrunn i lønns- og prisauke.

Kommunalt tilskot til kyrkjeleg fellesråd 2019 er dermed på kr. 4 033 000,-.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd vedtok revidert budsjett etter forslag frå kyrkjevevjen og økonomiutvalet.

Hovudpunkta for eit budsjett i ballanse er:

1. Kr. 150 000,- (til 25% løn ungdomsarbeidar) er ikkje trekt ut. Dette på lik linje som for år 2018.
2. Kr. 300 000,- til investering er inntektsført mot kontonummer 18301, men bruken av desse (kontonummer 12001) er justert ned til kr. 190 000,-. Dette for å forsvare foreslått nedbetaling av tidlegare års meirforbruk/underskot (jf. neste pkt.) Viser til manglande utbetaling i 2016 som mandat for å gjere dette.
3. Under kontonr. 15300 (Dekking av tidlegare års negative resultat) er det lagt inn kr. 94 625,50,-. Dette jf. vedtaket i F-sak 4/18 om å nedbetale gjelda pr. 31.12.2017 (på kr. 378 502,-) fordelt over 4 år.
4. Investeringstilskotet år 2019 er auka med kr. 100 000,- grunna ekstraløyving til særskilte tiltak på gravplassen (Flytting av gravminner).

Ut over desse merknadane er budsjettforslaget lagt inn med full bemanning og dei øvrige budsjettpostane i høve til forventa drift.

Sykkylven kyrkjelege fellestråd tok det til vitande.
Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 12/19 Midlar til diakonstilling

Kyrkjeverjen orienterte om søknadsprosessen og kunne meddele at Møre bispedømeråd har innvilga søknaden om å dekke inntil 50% av lønnsutgiftene til ei diakonstilling i Sykkylven sokn og Ikornnes sokn. Sokneråda har eit felles diakonifond, men er avhengig av økonomisk støtte for sikre eit stabilt og berekraftig diakoniarbeid.

Vedtak:

Med grunnlag i tilskot frå Møre bispedømeråd og øyremerkta diakonifond frå sokneråda finn Sykkylven kyrkjeleg fellestråd økonomisk grunnlag for å iverksette utlysing og tilsetting av ei diakonstilling i 80-100% stilling. Jamfør diakoniplanen for Sykkylven-Ikornnes vil ein diakon arbeide breitt blant kommunens innbyggjarar. Kyrkjeleg fellestråd vil ta opp igjen dei gode samtalane med kommuneleiinga under bispevisitasen i 2017 om å få på plass ei diakonstilling i Sykkylven. Dette for å få til eit samarbeid der Sykkylven kommunen tek medansvar for dette omsorgsarbeidet for innbyggjarane i Sykkylven kommune.

Arbeidsutvalget får i oppgåve å lyse ut og tilsette ein diakon med oppstart frå 1. juli 2019.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 13/19 Høyring: Regulering av prostigrenser på Sunnmøre

§38 pkt. B presiserer at prosten ikkje er ugild i denne samanheng sjølv om prosten er eit sjølvstendig høyringsorgan.

Vedtak:

HØYRING OM ENDRING AV PROSTIGRENSER FOR SØRE SUNNMØRE, NORDRE SUNNMØRE OG AUSTRE SUNNMØRE PROSTI

Høyringssvar frå: Sykkylven kyrkjelege fellestråd, 09.04.2019.

(sett x):

Sokneråd		Kommune	
Fellestråd	X	Kommunal fellestråd	
Kyrkjeleg fellestråd		Prost	
Anna			

Nr	Spørsmål	Svar-alternativ	Hørings-svar	Kommentar
1a	Ønsker høyringsinstansen at det blir eit prosti for Sunnmøre?	Ja/Nei	NEI	
1b	Ønsker høyringsinstansen at det blir to prosti på Sunnmøre?	Ja/Nei	JA	
1c	Ønsker høyringsinstansen at det blir tre prosti på Sunnmøre?	Ja/Nei	NEI	(Om ja på spørsmål 2b MÅ det i kommentarfeltet bli angitt kva slags inndeling høyringsinstansen ønskjer):

Spørsmål 2 gjelder sokna i Nye fjord, Stranda og Sykkylven (hvis Ja på 1a og 1b)

2a	Hva for prosti bør sokna i Nye fjord høyre til?	Nordre Sunnmøre prosti	JA
		Søre Sunnmøre prosti	
		Rest Austre sunnmøre samanslått med rest Indre Romsdal	
2b	Hva for prosti bør sokna i Stranda høyre til	Nordre Sunnmøre prosti	JA
		Søre Sunnmøre prosti	
		Rest Austre sunnmøre samanslått med rest Indre Romsdal	
2c	Kva for prosti bør sokna i Sykkylven høyre til	Nordre Sunnmøre prosti	JA
		Søre Sunnmøre prosti	
		Rest Austre sunnmøre samanslått med rest Indre Romsdal	

Spørsmål 3 gjelder Nye Ålesund, Sula og Giske

3a	Bør Nye Ålesund bli eige prosti?	Ja	
		Nei	
3b	Om ja på 3a Hva for prosti skal Sula høyre til	Søre Sunnmøre prosti	
		Rest Austre sunnmøre	
		Rest Austre sunnmøre samanslått med rest Indre Romsdal	
3c	Om ja på 3a Kva for prosti skal Giske høyre til	Søre Sunnmøre prosti	
		Rest Austre Sunnmøre	

		Rest Austre sunnmøre samanslått med rest Indre Romsdal	
Spørsmål 4 gjelder namn på prosti på Sunnmøre			
4	Om eit prosti	Sunnmøre prosti	
		Anna?	
	Om to prosti	Søre Sunnmøre/Nordre Sunnmøre	JA
		Søre Sunnmøre prosti/Ålesund prosti	
		Volda prosti/Ålesund prosti	
	Om tre prosti	Søre Sunnmøre prosti/Nordre Sunnmøre prosti/Austre Sunnmøre prosti	
		Søre Sunnmøre prosti/Ålesund prosti/Austre Sunnmøre prosti	
		Søre Sunnmøre prosti/Ålesund prosti/Indre Sunnmøre prosti	
Eventuelle tilleggskommentarar frå høyringsinstansen:			
Sykkylven kyrkjelege fellelsråd ser det som konsekvens at endringar til 2 prosti på Sunnmøre vil frigjere midlar til meir presteteneste i Sykkylven-Ikornnes			

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 16/19 Søknad om kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass 2020

Kyrkjeverjen orienterte om saksframleggets med grunnlag i økonomiutvalets arbeid og møter med rådmannen og økonomisjef i kommunen. Det er avtalt eit nytt møte mellom økonomiutvalet og kommuneleiinga med det første.

Udekka underskot


Som tabellen nedanfor viser er den nyare rekneskapshistoria til Sykkylven kyrkjelege fellesråd prega av meirforbruk/underskot.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.2018 viser dermed ein negativ saldo på kr. 274 102,-.

Årsresultat 2011-2018

Drift administrasjon, kyrkjer og gravplass.

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Rammeløyving: kr 3 531 592	Rammeløyving: kr 3 629 000	Rammeløyving: kr 3 629 000	Rammeløyving: kr 3 629 000	Rammeløyving: kr 3 829 000	Rammeløyving: kr 3 933 000	Rammeløyving: kr 3 933 000	Rammeløyving: kr 3 933 000
Årsresultat: kr -27 741	Årsresultat: kr -23 492	Årsresultat: kr 51 233	Årsresultat: kr -119 046	Årsresultat: kr 40 429	Årsresultat: kr -157 211	Årsresultat: kr -142 674	Årsresultat: kr 104 400



Udekka underskot pr. 31.12.2018 = kr -274 102

Likviditet grunna lån frå kyrkjelydane sine innsamla midlar

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) har med andre ord ingen likviditet/kapital i seg sjølv. Dette har vi i kraft av lån frå sokneråda. SKF kan difor presentere det udekka underskotet som eit disposisjonsfond med negativ saldo. Dette ved at vi har lånt eit tilsvarande beløp frå Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd sine fond med innsamla midlar.

Store tiltak for å sikre eit positivt årsresultat i år 2018

Årsaken til det økonomisk positive årsresultatet til Sykkylven kyrkjelege fellesråd i 2018 skyldast i hovudsak to store tiltak.

Det første tiltaket omhandlar eit beløp på kr. 150 000,- som ikkje vart overført/rammefordelt til sokneråda for 25% lønn til ungdomsarbeidar. Ungdomsarbeidet er eit av satsingsområda til kyrkja og i samband med dette har vi fram til år 2017 fordelt ein del av den kommunale ramma til 25% løn av Ungdomsarbeidar. Denne fordelinga har si historie tilbake til kommunens og politikaranes konkrete tiltak for å førebygge nye tilfelle av overdose blant bygdas ungdomar. Av ulike arbeidsoppgåver til denne ungdomsarbeidaren kan nemnast; Open Storhall, Alternativ Rus(s) og MOT Sykkylven. Utfordringa for Sykkylven kyrkjelege fellesråd er at desse midlane ikkje er «friske» pengar gitt som ekstra løyving, men er baka inn kommunens rammetilskot til drift av administrasjon, kyrkjer og gravplass. Her viser vi til fleire møter med økonomisjef Bergstrøm og tidlegare rådmann Lillestøl og noverande rådmann Molvær Grimstad med melding om at vi ikkje er forplikta til å overføre dette beløpet. Vi viser også til at dette ikkje er ei lovpålagt oppgåve for Sykkylven kyrkjelege fellesråd som med dette har gitt ei betydeleg auka belastning til sokneråda.

Det andre tiltaket omhandlar at vi berre brukte kr. 114 903,- av investeringstilskotet på kr. 300 000,- for 2018. Dette er om lag kr. 90 000,- lågare enn den budsjetterte målsettinga. SKF budsjetterte altså med ein redusert bruk som tiltak for å redusere det opparbeida underskotet på

kr. 378 502,- ved inngangen til 2018. Vi viser til manglende utbetaling av investeringstilskot 2016 som mandat for å gjøre dette. Utfordringa er at utsetting av viktige investerings- og vedlikehaldsprosjekt gir uheldige konsekvensar både for den daglege drifta og ved å kunne forverre tilstanden eksempelvis til sidetaka på Ikornnes kyrkje som må skiftast ut grunna dårleg tilstand.

Mangelfull løns- og prisjustering

Lik dei kommunale einingane har kommunestyret vedtatt at den kommunale rammeløyvinga til Sykkylven kyrkjelege fellelsråd også skal justerast årleg for lønns- og prisvekst. Dessverre skjer ikkje dette årleg. Rammeendringa frå år 2014 til 2015 skyldast ei oppsamla etterbetaling for lønns- og prisvekst og i tildelingsbrevet frå kommunen stod det følgjande: «Tilskotet til Kyrkjeleg fellelsråd har vore fryst frå år 2010 tom år 2014. I budsjett for år 2015 vart det lagt inn midlar til lønns- og prisjustering etter den kommunale deflatoren (satsen staten nyttar ved vidareføring av løyvingar).». Men som tabellen ovanfor viser har tilskotet på nytt vore fryst dei tre siste åra før ei ny etterbetaling for 2019 med følgjande kommentar: «Bakgrunnen for auken i ordinært driftsbudsjett er lønns- og prisauke.». Ordinært driftstilskot 2019 er kr. 4 033 000,-.

Det mest tenelege for Sykkylven kyrkjelege fellelsråd vil være at justeringa for lønns- og prisvekst skjer årleg. Ein bør også kunne forvente ei enkel oppstilling som viser utrekningsgrunnlaget for det tillagte beløpet.

Budsjett 2020

Hovudpunkta for eit budsjett i ballanse er:

5. Kr. 150 000,- (til 25% løn ungdomsarbeidar) er ikkje trekt ut lik åra fram til 2018. Viser m.a. til samtalar med rådmann og økonomisjef der dei seier at Sykkylven kyrkjelege fellelsråd ikkje er forplikta til å overføre dette beløpet til 25% løn ungdomsarbeidar.
6. Samla gjeld ved inngangen til 2019 var kr. 274 102,-. Dette er budsjetttert nedbetalt over 3 år, med kr. 91 367,- pr. år.

Uløna/frivillige medarbeidarar

Dei lovpålagte oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellelsråd er prega av uløna/frivillige medarbeidarar. Vi har mellom anna erstatta ei 10% kyrkjetenarstilling med til saman 12 frivillige kyrkjetenarar i begge kyrkjene. I 4 år, frå 2014-2018 hadde vi også ein frivillig økonomi-medarbeidar i om lag 20% stilling. Mange ulike bygg og vedlikehaldsprosjekt har også blitt gjennomført med bruk av frivillige/uløna medarbeidarar, samt ulike lag og organisasjonar.

Soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt

Vidare er forvaltninga og drifta av kyrkjene også i sterk grad prega av økonomiske bidrag frå både Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd. Samla sett for åra 2014-2018 utgjer dette så mykje som kr. 1 458 000,-. Dette gir seg direkte utslag i kyrkjenes både utsjånad og funksjonalitet.

Kostnadseffektiv drift med kvalitet

Mellom anna med bakgrunn i det som no er nemnt kan Sykkylven kyrkjelege fellelsråd formidle at forvaltninga av kyrkjekontoret/administrasjonen, kyrkjene og gravplassen blir utført på ein svært kostnadseffektiv måte. KOSTRA-tala underbygg dette ved å vise at Sykkylven kommune gir eit lågare rammetilskot til Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes enn mellom anna KOSTRA-gruppe 7 som Sykkylven kommune tilhøyrrer.

Tilbakemeldingane frå publikum er mange og i all hovudsak svært positive. Dermed kan vi med stoltheit også vise til at vi leverer kvalitet på våre varer og tenester.

Kyrkjene som kulturbygg

Kyrkjene i Sykkylven er i stor utstrekning brukt til konsertar og andre kulturelle arrangement. Vi kan mellom anna vise til godt samarbeid med kultureining i kommunen, med skular, barnehagar og ikkje minst dei ulike kor og korps i bygda. P.t. øver desse kora fast ein gong i veka i kyrkjene: Jubasong, Sykkylven Gospelkor, Velldalskoret og Hudeidvik blandakor. Dette i tillegg til kora i regi av kyrkja sjølv.

Kyrkja som viktig aktør i folkehelsearbeidet

Som dei ulike punkta ovanfor også viser har svært mange av kommunens innbyggjarar ulike tilknytningar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Verdiformidlinga, trusopplæringsarbeidet, tenestetilbodet og fellesskapsbygginga er ulike eksemplar på kyrkja sin innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas helse og trivsel. Dette kan seiast å være viktige faktorar i det førebyggjande arbeidet, men som i utgangspunktet er vanskeleg å måle/talfeste.

Underrapporterte utgifter til gravplassforvaltninga

I slutten av april 2019 var fellesrådsleiar, -nestleiar og kyrkjevevjen i møte med økonomisjef Bergstrøm og då kom det fram at gravplassforvaltninga er underrapportert i forhold til dei reelle kostnadane. Dette er uheldig på fleire vis, ikkje minst i forhold til kva kommunal ramme som gis til trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes og kva som eksplisitt gjeld den kommunale gravplassforvaltninga. Ei gravplassforvaltning som er for alle kommunens innbyggjarar uavhengig av trus- og livssyn. Dette gir seg særleg utslag i budsjettpostane som gjeld lønn, arbeidsgjevaravgift og pensjon for utarbeidarane, den interne overføringar knytt til administrative lønnskostnadar, samt budsjettposten for graving av graver. Kostnaden pr. grav er i 2019 kr. 6700,-.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesrådet (SKF) gjorde i F-sak 16/19 vedtak om å søke om ei løyvinga på til saman kr. 4 699 000,- i kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass for år 2020.

Fordelinga av ramma:

- kr. 3 524 250,- til drift kyrkjer og kyrjekontor (fordelt 65/35).
- kr. 1 174 750,- til drift gravplass.

SKF framhevar at 25% av den totale ramma vi søker om eksplisitt gjeld den kommunale gravplassforvaltninga og viser til dialogen med økonomisjef Bergstrøm vedrørande dei tidlegare års underrapporteringar i forhold til dei reelle kostnadane.

Kyrkjeleg fellesråd vedtek dermed søknaden som framlagt, men med mandat til økonomiutvalet om å gjere endringar dersom dette kjem fram som nødvendig etter møtet med rådmann og økonomisjef. *Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.*

F-sak 21/19 Honorar folkevalde

Kyrkjevevjen orienterte om at berekningsgrunnlaget for dette har vore uendra sidan år 2011, i F-sak 6/11 den 15. februar 2011.

Vedtak:

Fellesrådet vedtok å justere satsane som regulerer utbetalinga av honorar til dei folkevalde.

Soknerådsmedlemmane

Møtehonorar på kr. 200,- pr. møte uavhengig av om du er fast medlem eller varamedlem. Satsen er sett med utgangspunkt i 10 ordinære soknerådsmøter i året. Dette blir til saman kr. 2000,- som blir eit maksbeløp for å ha deltatt på alle møta (sjølv om det blir fleire enn 10 møter). Leiaren får eit årstillegg på kr. 1500,- og nestleiar får eit årstillegg på kr. 750,-.

Fellesrådsmedlemmane

Møtehonorar på kr. 500 pr. møte uavhengig av om du er medlem eller varamedlem. Satsen er sett med utgangspunkt i 4 ordinære fellesrådsmøter i året. Dette blir til saman kr. 2000,- som blir eit maksbeløp for å ha deltatt på alle møta (sjølv om det blir fleire enn 4 møter). Leiaren får eit årstillegg på kr. 1500,- og nestleiar får eit årstillegg på kr. 750,-.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 22/19 Konstituering

Val av leiar og nestleiar.

Skriftleg val jf. *Reglar om formene for menighetsråd og kirkelig fellesråds virksomhet §1* (www.lovdata.no).

Vedtak:

1. Val av leiar: Av 5 røyster gjekk alle 5 til Torbjørn Støylen.
2. Val av nestleiar: Av 5 stemmer gjekk alle 5 til Ellen Brautaseth Vatne.

4. Dei tilsette

Lønna av kommunale midlar (4,15 årsverk):

Arild Sporsheim	- Kyrkjeverje i 100% stilling.
Rose Iren Stave	- Kantor i 100% stilling.
Elise Ullavik	- Kontorsekretær i 55% stilling.
Runar Bårnes	- Driftsleiar/kyrkjetenar/kyrkjegardsmedarbeidar i 40%/20%/40% stilling.
Olav Sverre Strømme	- Reinhaldar i 40% stilling.
Savindri Perera	- Organist i 20 % stilling (<i>frå 01.03.2019</i>)

Lønna av sokneråda (innsamla midlar og statlege trusopplærings- og diakonimidlar):

Katrine Numme	- Ungdomsarbeidar i 100% stilling.
Anna Myklebust	- Trusopplærer i 80% stilling.
Kristin Kjemphol Lohne	- Diakon i 80% stilling (<i>nyoppretta stilling frå 05.08.2019</i>)

Likestilling: 6 kvinner og 3 menn

Tilsette i Møre bispedømme (med tenestestad i Ikornnes og Sykkylven):

Erlend Lunde	- Sokneprest i Ikornnes sokn, 60% stilling.
Simen Elias Nordbrønd Myklebust	- Sokneprest i Sykkylven sokn, 100% stilling.

5. Kyrkjene

Kyrkjelege handlingar (samla):

- 88 gudstenester (86 i 2018, 92 i 2017, 89 i 2016)
- 52 døypte og 82 konfirmerte (40 og 89 i 2018, 57 og 83 i 2017, 55 og 105 i 2016)
- 9 vigslar (7 i 2018, 16 i 2017, 9 i 2016)
- 66 gravferdsseremoniar (65 i 2018, 62 i 2017, 72 i 2016)

I 2019 vart det brukt om lag kr. 400 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Prosjekt E-feltet på gravplassen, flytting av ca. 115 gravminner
- Rep. av kjøleaggregat til bårerommet
- Rep. av utelys ved Ikornnes kyrkje
- Rep. av kyrkjestolar i Sykkylven kyrkje
- Diverse lydutstyr
- Diverse data- og kommunikasjonsutstyr
- Førstehjelpsstasjonar
- Teleslynge til Ikornnes kyrkje
- Ny varmpumpe i Ikornnes kyrkje
- Nye fastmerker til gravplassen
- Vedlikehald av vegar, gravplassen
- Solda mold og fjerning av stubbar, gravplassen
- Nye søppelstativ til gravplassen

2019 er også prega av ein stor del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av gåvemidlar og fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 1 250 000,- har i hovudsak gått til:

- Nytt kjøkken i Ikornnes kyrkje
- Flygel i Ikornnes kyrkje
- Cembalo i Sykkylven kyrkje
- HMS-utbetringar av stolane i kyrkjekjellaren, Ikornnes kyrkje
- Diverse lyd- og datautstyr

6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune

Det var totalt 65 gravleggingar i 2019.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd v/kyrkjeverjen har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning av gravplassen i Sykkylven. Gravferdsansvaret omfattar alle innbyggjarane i Sykkylven kommune, uavhengig av tru- og livssyn. Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag frå fellesrådet (jf. gravferdsloven §3).

Forvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:

Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og lokale vedtekter.

Som gravplassforvaltar mottar vi stadig tilbakemeldingar om at publikum opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gjer oss også bevisste på å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet og respekt for gravplassens særpreg. Vi søker å gi ei verdig gravferd for alle i respekt for avdødes religion eller livssyn.

Flytting av gravminner

Kommunestyret løyvde i 2019 kr. 100.000,- til flytting av 111 gravminner på eit av gravfeltet (E-feltet). Bakgrunnen for dette var utfordringar knytt til avvik mellom plassering av gravminner og dei fysiske gravene. Kort fortalt var gravminna unøyaktig plassert iht. gravkartet og på det meste var det eit avvik på om lag 100cm. Under leing av eit gravplassutval vart det sendt ut informasjonsbrev til alle festarane, helde informasjonsmøter og synfaringar før sjølve arbeidet vart utført i juni-juli.

Underrapportering

I slutten av april 2019 var fellestrådsleiar, -nestleiar og kyrkjevevjen i møte med økonomisjef Bergstrøm og då kom det fram at gravplassforvaltninga er underrapportert i forhold til dei reelle kostnadane. Dette er uheldig på fleire vis, ikkje minst i forhold til kva kommunal ramme som gis til trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes og kva som eksplisitt gjeld den kommunale gravplassforvaltninga. Sykkylven kyrkjelege fellestråd forvaltar gravplassen i Sykkylven for alle kommunens innbyggjarar uavhengig av trus- og livssyn. Underrapporteringa gir seg særleg utslag i budsjettpostane som gjeld lønn, arbeidsgjevaravgift og pensjon for utarbeidarane, den interne overføringar knytt til administrative lønnskostnader, samt budsjettposten for graving av graver.

Samarbeidspartnar

Vi har eit godt samarbeid med ein lokal entreprenør, Sykkylven Hageservice, som utfører arbeidet med opning/lukking av graver med tilstelling etter 6 mnd., plantestell, brøyting, samt prosjektarbeid.

Av større saker i det vidare:

- Minnelund
Vurdere etablering av minnelund i Sykkylven jf. vedtak etter interpellasjon i Sykkylven kommunestyre, sak 13/20 den 25.02.2020.
- Utviding av gravplassen
Allereie i eit 10-årsvindaug vil dette være eit behov. Gravferdslovas krav er at gravplassen til ein kvar tid har ledige graver for minst 3% av kommuna sine innbyggjarar (§2).
- Støyskjerming mot riksvegen
Støynivået frå riksvegen er tidvis for høgt. Dette gjeld spesielt ved gjennomføring gravferdar på dei nærast gravfelte langs riksvegen (A-, C-, L- og K-feltet).

7. Økonomi

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellestråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:

Avd. 41: Administrasjon (kyrkjekontor, lønn administrative stillingar)

Avd. 42: Kyrkjer (drift av kyrkjene og lønn kantor, organist, kyrkjetenarar, reinhaldar)

Avd. 43: Kyrkjegard (graving, stell, lønn kyrkjegardsmedarbeidar og administrasjon)

Avd. 44: Anna kyrkjeleg verksemd (barne-/ungdoms-/kyrkjelydsarbeid i begge sokna, lønn trusopplæringsmedarbeidarar).

Avd. 44 blir avslutta mot ulike kyrkjelydsfond og mot soknerådsrekneskapa.

Årsrekneskapet for 2019 viser eit svakt positivt årsresultat 2019 på kr. 39 210,-.

Hovedårsakane til dette er:

1. Reduserte lønnsutgifter på om lag kr. 100 000,- grunna langtidssjukmelding og utskiftingar i staben (3 mnd. vakanse).

2. Ingen overføring av lønnsmidlar til 25% lønn ungdomsarbeidar.
Dette vart gjort i åra 2003 til 2017 jf. kommunalt vedtak i 2003.

Årsresultatet vart i si heilheit brukt til å redusere tidlegare års opparbeida underskot frå kr. 274 102,- til kr. 234 893,-. Det resterande beløpet er budsjettert nedbetalt i løpet av åra framover.

Totalkapitalen pr. 31.12.2019 utgjer kr. 7 108 975,- mot kr. 7 558 453,- pr. 31.12. 2018. Med andre ord ein nedgang på kr. 449 478,-. Av den samla totalkapitalen utgjer bundne driftsfond pr. 31.12.2019 kr. 4 571 650,- mot kr. 5 361 556,- pr. 31.12.2018. Bundne driftsfond tilhøyrer sokneråda (avd. 44), ikkje fellesrådsdrifta (avd. 41-43). Anna kyrkjelege verksemd (avd. 44) viser altså ein samla reduksjon/ending på kr. 789 906,-. Årsakane til dette er både relativt høg bruk og ein inntektsnedgang mot tidlegare år.

Høg bruk av fond skyldast i hovudsak stabile lønnsutgifter til lønn Trusopplærar og Ungdomsarbeidar, bruk av fondmidlar til soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt i kyrkjene, samt utgifter til Eittåring og kompenserande tiltak mot redusert presteteneste.

Inntektsnedgangen skyldast i hovudsak manglande overføring, frå fellesrådet til sokneråda, av kr. 150 000,- til 25% lønn ungdomsarbeidar. Dette vart gjort i åra 2003 til 2017 jf. kommunalt vedtak i 2003.

Etter SKF si oppfatning gir årsrekneskapen for 2019 eit rettvisebilde av aktiviteten i året og stillinga ved årsskiftet. Årsrekneskapen for 2019 er sett opp under føresetnad om vidare aktivitet.

8. Oppsummering/måloppnåing/resultat

Økonomi

Sykkylven kyrkjelege fellesråd har ein utfordrande økonomi prega av opparbeida underskot, som var kr. 234 893,- pr. 31.12.2019. Manglande og ustabil justering for lønns- og prisvekst er medverkande til dette. I åra 2016-2018 var det ingen justering, men for driftstilskotet 2019 vedtok kommunestyret å justere ordinært driftstilskot med kr. 100 000,- med bakgrunn i lønns- og prisauke.

Årsresultatet 2019 viser eit mindreforbruk på kr. 39 210,-. I seg sjølv er dette positivt, men det skyldast i hovudsak to konkrete tiltak knytt til reduserte lønnskostnader på om lag kr. 100 000,- grunna langtidssjukmelding og vakansar, og kr. 0,- i overføring til lønn ungdomsarbeidar.

I samråd med Økonomisjef Bergstrøm er det avdekket ei underrapportering av dei reelle kostnadane i gravplassforvaltninga. Kort fortalt betyr dette at det kommunale rammetilskotet, til trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes, dermed er lågare enn antatt. Samanlikna med andre kommunar og KOSTRA-tal gjev dette grunnlag for ei auka rammeløyving.

Kyrkjebygga

Vi har to tenlege arbeidskyrkjer med mykje aktivitet.

I 2019 vart Ikornnes kyrkje fornya med både teleslynge, varmpumpe i underetasjen og utelys. Av større vedlikehaldsprosjekt er det særleg relegging av sidetak som vart utsatt til 2020 grunna stram økonomi. Av soknerådsfinansierte (gåver og innsamla midlar) utbetring vart det brukt over 1 million kroner til totalrenovasjon av storkjøkkenet, kjøp av flygel til kyrkjerommet og utbetring av stolane i kyrkjekjellaren.

I Sykkylven kyrkje vart det mellom anna gjort utbetringar av kjøleaggregatet til bårerommet og reparasjon av ein del kyrkjestolar. Av soknerådsfinansierte prosjekt må nemnast at det vart det kjøpt ein Cembalo til galleriet/kyrkjerommet.

Gravplassen

Sykkylven kyrkjegarden er ein fin og velstelt gravplass.

Som tillegg til det årlege vedlikehaldet har vi i 2019:

- Flytta 111 gravminner på E-feltet (ekstraløyving).
- Kjøpt nye søppeldunkar.
- Kjøpt nye fastmerker.

I samråd med kommunen vart det i 2019 avdekka ei underrapportering i forhold til dei reelle kostnadane i gravplassforvaltninga. Det vert arbeid vidare med å få auka rammetilskotet.

Tilsette

Av endringar vart det i mars 2019 tilsett ein ny organist etter at den førre avslutta sitt engasjement med siste dag den 31.12.2019. Med grunnlag i ei testamentarisk gåve og diakonale midlar frå Møre bispedømeråd var det også oppretta ei diakonstilling med tilsetting i august 2019.


Sykkylven Fellesråd sitt ansvarsområde er prega av systematisk arbeid, utført av ein dyktig stab og eit aukande tal frivillige. Sykkylven kyrkjegard står fram som ein tenleg gravplass for innbyggjarar og tilreisande i Sykkylven. Bygningsmessigt har vi to tenlege kyrkjer som er fylt av mykje aktivitet. Det er ei stor satsing på trusopplæring og arbeid blant unge. Utfordringane framover vil særleg ligge i å auke den diakonale innsatsen og elles legge til rette for frivillig engasjement.

Grunnlag for fortsatt drift

Leinga si vurdering er at Sykkylven kyrkjelege fellesråd evner å halde fram drifta i 2020 trass økonomiske utfordringar knytt til opparbeidd gjeld som pr. 31.12.2019 er kr. 234 893,-.

Vedlegg: 1. Balanseoppstilling – Vedlegg 3
2. Noter til rekneskapet

For Sykkylven kyrkjelege fellesråd, 28.05.2020


Torbjørn Støylen
Fellesrådsleiar


Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Ellen Brautaset Vatne

Ellen Brautaset Vatne

Birgitte J. Sætre Bonesmo

Birgitte J. S. Bonesmo

Svein Maron Runde

Svein Runde

Bergljot Hjortdal

Bergljot Hjortdal

Therese Kristin Utgård

Therese K. Utgård

Fellesrådssamansetninga ved inngangen til år 2020

Torbjørn Støylen	– fellesrådsleiar	(frå Sykkylven sokneråd)
Ellen Brautaset Vatne	– nestleiar	(frå Ikornnes sokneråd)
Birgitte J. Sætre Bonesmo	– styremedlem	(kommunal representant)
Svein Maron Runde	– styremedlem	(geistleg representant)
Bergljot Hjortdal	– styremedlem	(frå Ikornnes sokneråd)
Therese Kristin Utgård	– styremedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Arild Sporsheim	– kyrkjeverje/dagleg leiar	
Ingmund Eliassen	– varamedlem	(frå Ikornnes sokneråd)
May Lisbeth Hovlid Aurdal	– 1. varamedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Björg Djupvik Grebstad	– 2. varamedlem	(frå Sykkylven sokneråd)
Erlend Lunde	– varamedlem	(for geistleg representant)
Odd Jostein Drotninghaug	– 1. varamedlem	(for kommunal representant)
Anita Sølvi Vollstad	– 2. varamedlem	(for kommunal representant)

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellestråd

2019

Side 1

25.03.2020 16:12:05

Arild

Periode 0-12	2019	2018
EIENDELER		
Anleggsmidler		
22700001 - Sykkylven kyrkje	1	1
22700002 - Ikornes kyrkje	1	1
22700003 - Sykkylven kyrkjegard	1	1
Sum Faste eiendommer og anlegg	3	3
Sum Utstyr,maskiner og transportmidler		
Sum Utlån		
22100001 - Aksjer og andeler	223 307	207 823
Sum Aksjer og andeler	223 307	207 823
Sum Anleggsmidler	223 310	207 826
Omløpsmidler		
21310040 - Momskompensasjon	850 251	518 129
21375002 - Samlekonto Debitorer	325 843	164 842
Sum Kortsiktige fordringer	1 176 094	682 971
21899001 - Forskudd til ansatte	14 272	
Sum Aksjer og andeler	14 272	
Sum Sertifikater		
Sum Obligasjoner		
21000001 - KASSE	900	1 867
21020001 - BANK - 4045 30 34315	313 204	343 485
21020002 - Fondskonto 4045 66 01032	3 905 558	4 775 799
21020005 - Konto for gravfond 4045 68 76899	1 371 902	1 436 667
21098001 - Skattetrekk	103 735	109 838
Sum Kasse postgiro bankinnskudd	5 695 299	6 667 656
Sum Omløpsmidler	6 885 665	7 350 627
Sum EIENDELER	7 108 975	7 558 453
EGENKAPITAL		
Sum Disposisjonsfond		
25110000 - Avsett til barne- og ungdomsarbeid Ikornes	-348 049	-532 562



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellestråd


Jf. F-sak 3/20 Fastsetting av rekneskapet for 2019

Sykkylven 27.02.2020



fellestrådsleiar, Torbjørn Sporsheim



nestleiar, Ellen Brautaset Vatne


styremedlem, Anita Vollstad


styremedlem, Therese Kristin Utgård


styremedlem, Svein Maron Runde


styremedlem, Bergljot Hjordal


kyrkjevevje/dagleg leiar, Arild Sporsheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

2019

Side 2

25.03.2020 16:12:15

Arild

Periode 0-12	2019	2018
25110002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Ikornes	-145 342	-357 360
25110003 - Avsett til Ikornes kyrkje		-100 000
25120000 - Avsett til barnarbeid Sykkylven	-966 744	-923 382
25120001 - Avsett til ungdomsarbeid Sykkylven	-829 353	-775 991
25120002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Sykkylven	-153 085	-109 722
25120003 - Avsett til Sykkylven kyrkje	-215 669	-247 219
25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet	-763 326	-1 402 776
25130001 - Avsett til musikkarbeidet		-54 441
25130002 - Avsett til stabsutvikling	-20 511	-40 421
25130003 - Avsett til diakoniarbeid	-1 129 571	-817 681
25282000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet		
Sum Bundne driftsfond	-4 571 650	-5 361 556
Sum Ubundne investeringsfond		
Sum Bundne investeringsfond		
Sum Regnskapsmessig mindreforbruk		
25900001 - Udekket underskot	234 892	274 102
Sum Regnskapsmessig merforbruk	234 892	274 102
25900001 - Udekket underskot	234 892	274 102
Sum Regnskapsmessig merforbruk	234 892	274 102
Sum Likviditetsreserve		
25990000 - KAPITALKONTO	-223 307	-207 823
Sum Kapitalkonto	-223 307	-207 823
Sum EGENKAPITAL	-4 560 065	-5 295 277
GJELD		
Langsiktig Gjeld		
Sum Ihendehaverobligasjonslån		
Sum Sertifikatlån		
Sum Andre lån		
Sum Langsiktig Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Sum Kassekredittlån		
23214003 - Oppgjørskonto mva.	-33 204	-32 953
23214021 - Utgående mva (lav sats)	1 978	2 040



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 3/20 Fastsetting av rekneskapet for 2019
Sykkylven 27.02.2020

Torbjørn Støyle
fellesrådsleiar, Torbjørn Støyle

Ellen Brautaset Vatne
nestleiar, Ellen Brautaset Vatne

Anita Vollstad
styremedlem, Anita Vollstad

Therese Krieger Utgård
styremedlem, Therese Krieger Utgård

Svein Maron Runde
styremedlem, Svein Maron Runde

Bergljot Hjortdal
styremedlem, Bergljot Hjortdal

Arild Sporsheim
kyrkjevevjer/daglegjefar, Arild Sporsheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3

Sykkylven kyrkjelege fellestråd

2019

Side 3

25.03.2020 16:12:18

Arild

Periode 0-12	2019	2018
23290904 - SKYLDIG PENSJONSTREKK		
23290907 - SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT	-54 905	-93 543
23290908 - SKYLDIG FERIEPENG	-344 601	-339 813
23290909 - AVSATT ARB.GIVER AVG. FERIEP.	-49 862	-48 093
23299001 - Internskonto Direkteremittering		576
23299006 - Samlekonto Kreditorer	-606 633	-177 117
23299007 - Skuldig Sykkylven soka		
23299009 - Trekk kompetanseformål	-8 111	-6 844
23299100 - Avsatt midlar til gravlegat / gravfond	-1 371 902	-1 457 592
23314001 - Forskuddstrekk	-81 670	-109 838
Sum Annen kortsiktig gjeld	-2 548 910	-2 263 176
Sum Kortsiktig gjeld	-2 548 910	-2 263 176
Sum GJELD	-2 548 910	-2 263 176
Sum EGENKAPITAL OG GJELD	-7 108 975	-7 558 453
MEMORIAKONTO		
Sum Ubrakte l�nemidler		
Sum Andre memoriakonti		
Sum Motkonto for memoriakontiene		
Sum MEMORIAKONTO		
Sum BALANSE		



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellestråd

Jf. F-sak 3/20 Fastsetting av rekneskapet for 2019


Sykkylven 27.02.2020



fellestr dsleiar, Torbj rn St yer


nestleiar, Ellen Brautaset Vatne


styremedlem, Anita Vollstad


styremedlem, Therese Kristin Utg rd


styremedlem, Svein Maron Runde


styremedlem, Berglj t H jrt dal


kyrkjevevje/daglegjeiar, Arild Sporsheim



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellestråd

Noter til rekneskap for Sykkylven kyrkjelege fellestråd SKF 2019

Note 1:

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Fellestrådet sin rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og God kommunal regnskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa betyr blant anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsipp og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lågaste verdi prinsippet. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over anleggsmiddelet si levetid.

Note 2:

Kommunalt tilskot

Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellestrådet si drift er kr. 4.032.996,-. Dette tilskotet skal dekke drift av administrasjon og drift av den lokale kyrkja og gravplassen.

Investering:

Det er utbetalt kr. 434 894,- i ekstra midlar frå kommunen i 2019.

Note 3:

Løn og personalutgifter

<u>Består av følgjande postar:</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>
Løn og honorar	3 136 271	3 172 677
Folketrygdavgift	509 982	505 833
Pensjonsutgifter	461 006	399 911
Andre lønsutgifter	60 061	62 995
Sum løns- og personalutgifter	4 167 320	4 141 416
Gjennomsnittleg antal tilsette	9	8
som utfører gjennomsnittlig årsverk	6,75	6,13

Av dette er 2,6 årsverk finansiert av innsamla midlar og statleg tilskot (trusopplæringsmidlar og diakonimidlar).

NB! Endring frå tidlegare år: kommunale midlar til 0,25% stilling Ungdomsarbeidar er fjerna grunna underskot i SKF.

Løn og anna godtgjersle til dagleg leiar: Kr. 613.691,-
Honorar til folkevalde: Kr. 25.050,-

Revisor:

Revisjonshonorar for 2019 utgjør kr. 38.500,- eks. mva.
Dette gjeld fellestrådet og dei to sokneråda.

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykkylven

Tlf: 70 24 69 00
E-post: post@sykkylven.kyrkja
Heimeside: www.sykkylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976 997 298 Kontonr.: 4045.30.34315



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Note 4:

Bunde midlar:

I posten bankinnskot inngår bunde bankinnskot / skattetrekksmidlar med kr. 103.735,-.

Note 5:

Pensjon:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd har gjennom KA inngått tariff-regulerte pensjonsavtaler med KLP.

Pensjonsutgiftene blir betalt og rekneskapsført som utgifter på det året pensjonen er opptent.

Arbeidsgjevars del av premie er kr. 461.006,-. Tilsette betaler 2% av løn i premie.

Av premien i 2019 er reguleringspremien på kr. 181.403,-.

Brutto påløpt pensjonsforplikting er kr. 7.492.738

Pensjonsmidlar utgjer kr. 6.447.166

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseført.

Note 6:

Anleggsmidlar:

Varige driftsmidler:

	Utstyr/Inventar 5 år	Maskin, Trspn. 10 år	Kyrkjer 80 år	Kyrkjegardar	SUM 2019
Anskaffelseskost 1/1	-				
Tilgang					
Avgang					-
Anskaffelseskost 31/12	-				
Akkumulerte avskrivningar 31/12	-				
Balanseført verdi pr. 31/12	-		3		
Årets avskrivningar	-				

Anskaffelseskost for kyrkjer er førebels ikkje utrekna.

Note 7:

Avsetningar og bruk av avsetningar

	Disposisjons Fond	Bunde driftsfond	Ubunde Inv.fond	Bunde Inv.fond	SUM: 2019	
Saldo pr 01.01:		5 361 556		-	5 361 556	
Avsetningar		476 673		-	476 673	
Bruk av avsetningar		1 266 579		-	1 266 579	
Saldo pr 31.12:	0	4 571 650		-	4 571 650	

Jfr. fyldig oversikt bruk/avsetjing.



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Note 8:

Kapitalkontoen:

	Debet	Kredit
INNGÅANDE BALANSE pr 01.01		207 823
Aktivering av fast eiendom og anlegg		
Avskrivningar av fast eiendom og anlegg		
Avskrivningar av utstyr, maskiner og transp.m.		
Eigenkapitalinnskudd KLP		15 484
Nye lån	0	
Avdrag på lån		0
UTGÅANDE BALANSE, pr 31.12	223 307	
	223 307	223 307

Sykkylven, 25.02.2020

Med helsing

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar